

Sakshandsamar:

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

Vår ref.

Sak nr.: 17/2025-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

3602/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 24.01.2019

Notat

Til: Hovudutvalet for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Kunstgrasbaner med gummigranulat som forureinar naturen

Fylkesdirektøren viser til tidlegare orienteringar om dette.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane fotballkrins samarbeider om fleire tiltak som kan avgrense spreiring av gummigranulat frå kunstgrasbaner.

Det første tiltaket som har vore til utprøving i ca. halvt år på baner eigd av idrettslaga er granulatfangarar i kummane rundt banene.

Det andre tiltaket er utprøving av sluser med rister på inngangsparti som har som målsetjing å få av granulat frå klede, sko, hud og hår før spelarar og publikum forlet banene.

Eid idrettspark, Vik idrettspark og Dingemoen idrettspark i Fjaler er plukka ut til å teste tiltak 2 før seriestart våren 2019.

Tiltak 2 vart i desember 2018 støtta av tilskotsmidlar frå regional plan for klimaomstilling, Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest. Eigeninnsats frå kommune og idrettslag er anleggseigarar sine bidrag i prosjektet.

I tillegg har Årdal kommune fatta politisk vedtak om å sjå på miljøvenlege løysingar når kunstgraset skal skiftast våren 2019. Årdal kommune søkte fylkeskommune og fekk 500 000 kr. i tilskot frå regional plan for klimaomstilling. Erfaringane frå desse tiltaka vert overført til andre anlegg i fylket, som blant anna søker om spelemidlar.

Miljødirektoratet arbeider framleis med ei forskrift om bruk av gummigranulat som skal på høyring.